

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 28.04.2014  
**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

---

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
RS 1/14	Orienteringssaker		
ST 2/14	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritere tildelte bestillingsdialogmidlar		2014/1220
ST 3/14	Eventuelt		

## **ST 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjenner innkalling og sakliste

### **Vedtak:**

Verneområdestyret godkjente innkalling og sakliste utan merknader

## **RS 1/14 Orienteringssaker**

### **Rapport om verneområdeforvaltninga frå Riksrevisjonen**

Riksrevisjonen har gått gjennom den nye forvaltningsordninga for nasjonalparkar og store verneområder. Dei har sjekka korleis forvaltninga fungerer, og om ordninga er i tråd med stortingsvedtaket.

Konklusjonen i korte trekk:

- Modellen i hovudsak satt i verk slik den var tenkt
- Meir lokal påverknad og betre samhandling lokalt
- Ser førebels ut som at modellen sikrar verneføremåla (få klager frå FM)
- Vedtektene for styra ikkje heilt i tråd med stortingsvedtaket. No er det dept som oppnemner styra etter innstilling frå kommunane. I følgje vedtaket skulle kommunane velje styra.
- Lite tids- og kostnadseffektiv pga tre nivå (dept – dir – styre)
- Rolla til FM må klargjerast.
- Styra har ein viss styringsrett overfor forvaltar og kan be forvaltar om å forfatte vedtak mot si opphavlege innstilling

### **Oppretta Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde**

Tysdag 8. april vart Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen lvo konstituert og hadde sitt første møte. Det var berre 4 av dei totalt 10 oppnemnde representantane som møtte, men det var likevel eit godt møte med dei som møtte.

Utvalet legg opp til å ha eit møte i året, på haustparten før bestillingsdialogen skal settast opp.

Arkivsaksnr: 2014/1220-0  
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik  
Dato: 16.04.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde	2/14	28.04.2014

## Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritere tildelte bestillingsdialogmidlar

### Bakgrunn

Basert på bestillingsdialog del 1 som verneområdestyret sette opp i fjor og sendte til Statens naturoppsyn sentralt, har verneområdestyret fått tildelt kr 130.000,- til tiltak i 2014. I tillegg har Statens naturoppsyn lokalt fått 50.000 til innmeldt tiltak (søppelrydding). Verneområdestyret må no prioritere bruken av dei tildelte midlane for 2014.

### Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Tiltak	prioritet dialogmøte 1	Beløp dialogmøte 1	Beløp dialogmøte 2
Søppelrydding (SNO, bundne)	1	50 000	50 000
Stiprosjekt Ålfoten - Gjengnen	2	20 000	20 000
Ymse stiltak	3	50 000	0
Molo ved Mettenes	4	100 000	50 000
Kartlegging og fjerning av gran	5	50 000	30 000
Styret sine tiltaksmidlar			30 000
Sum		270 000	180 000

### Vedtak:

Verneområdestyret fatta vedtak i tråd med prioriteringa og fordelinga av midlar i framlegget frå forvaltar.

Midlane som er satt av til molo/kai/tilkomst for ålmenta ved Mettenes kan overførast til andre tiltak dersom det ikkje vert aktuelt med bygging av molo eller kai.

## **ST 3/14 Eventuelt**

### **Vegen i Førdedalen**

Det vart stilt spørsmål om status på bygging av møteplassar på vegen i Førde, eit tiltak som styret støtta med tiltaksmidlar i fjor.

Verneområdeforvaltaren skal undersøke dette og informere om det på neste styremøte